



## Notat

Dato: 10.10.2014  
Arkivsak: 2014/325-41  
Saksbehandlar: laimelk

---

Til: Kultur- og ressursutvalet

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

### Grunnlovsjubileumsarrangement i fylkeskommunal regi hausten 2014

#### Leik og liv i 1814 – ein framsyningsturné på folkebiblioteka

I samarbeid med forteljar og skodespelar Merete Gauden har Hordaland fylkeskommune tilbode alle folkebiblioteka i fylket å ta inn i sitt haustprogram ei framsyning om korleis barn levde og kva dei leika med i 1814. Framsyninga hadde premiere på Lindås bibliotek 16. september og vert vist over heile fylke, i 22 kommunar og nærmare 40 visingar. Turneen er kome i stand som eit spleiselag mellom stat, fylkeskommune og kommunane for å få fleire arrangement i biblioteka.

Les nettsaka frå premieren her: <http://www.hordaland.no/Aktuelt/Nyhende/200-ar-gamle-barneleikar-eksisterer-i-dag/>

#### Kulturminnemarkering i Christieparken 20. oktober

Hordaland fylkeskommune inviterer i høve grunnlovsjubileet til kulturminnemarkering i Christieparken på Årstad i Bergen mandag 20. oktober klokka 14.

Det vert ei historisk vandring i parken saman med blant andre fylkesvaraordførar Mona H. Hellesnes, forfattar av biografien om W.F.K. Christie - Runar Jordåen, og spesialrådgjevar i seksjon for kulturminnevern og museum Erlend Hofstad. Mannskoret Arme Riddere dukkar også opp med ei musikalsk overraskning. Christieparkens venner vil gje omvising i Christie mølle, og dersom det regnar godt nok vil også mølla kunne gå. Dette er eit ope og gratis arrangement for alle, og vil føregå i parkens øvre del, før ein går ned til Christie mølle. Det blir servert skillingsbollar og kaffi.

Hordaland fylkeskommune ved seksjon for kulturminnevern og museum er ansvarleg for arrangementet. Det er ein del av Christiedagen i samarbeid med Universitetet i Bergen og Riksantikvaren.

Les nettsaka om markeringa her: <http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Grunnlovsjubileet/Grunnlovsjubileet---aktuelt/Kulturminnemarkering-i-Christieparken/>

## Seminar om tingstadar 27. november

I høve grunnlovsjubileet 2014 har inviterer Riksantikvaren og Hordaland til seminaret «Fra ting til ting – tingets arkeologi og historie» på Bryggens Museum i Bergen torsdag 27.november 2014.

Seminaret ynskjer å få fram tinget som arkeologisk kulturminne og kaste lys over dei lange liner i historia til det folkestyret vi har i dag: Er det ein kontinuitet frå dei tidlegaste tinga til grunnloa av 1814 og dagens Storting? Korleis såg tingstadane fysisk ut, korleis var dei geografisk plassert og kva aktivitetar fann stad?

Seminaret er gratis og ope for alle, men det er sett ei grense på 160 deltakrar. Dei første 100 på melde får servert ein enkel lunsj. Viss plass er det også mogeleg å delta på enkelte føredrag.

Sjå meir informasjon og påmelding på her:

<http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Grunnlovsjubileet/Grunnlovsjubileet---aktuelt/Tingstadseminaret-Fra-ting-til-ting/>